



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 25.11.2019
Vår ref.: 2019/19425-1
Saksbehandlar: catgra1
Dykkar ref.:

Utvida høyringsfrist i plansaker - desember 2019 til januar 2020 - overgang til Vestland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune er i ein overgang til nye Vestland fylkeskommune, og fylkesadministrasjonen lokalisert i Bergen, flyttar til Sandslihaugen 30 i romjula. I perioden frå medio november 2019 til ut januar 2020 er desse prosessane særleg verknadsfull inn på kapasiteten for ordinære oppgåver hjå fylkeskommunen. Frå 16. desember 2019 til 6. januar 2020 vil postmottak og arkiv vere nede, og innkommande post blir ikkje registrert.

Fylkeskommunen er høyringspart i kommunale plansaker etter plan- og bygningslova §3-2 og har også motsegnrett etter §5-4. Kommunane har ansvar for tilrettelegging av medverknad i planprosessar etter §§ 1-4 og 5-1.

Vi ber difor om utvida frist med 3 veker i plansaker mottatt i perioden 15. november 2019 til 13. januar 2020.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Cathrine Grasdal
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.